

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22. og 23.11.2017**

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølgje: PS 265-271, 264, 273, 272, 274-283/17.

### **OPEN TIME**

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** spurde om kor mykje det har kosta å utgreie det tidlegare stilte spørsmålet om «Bybanen i eigen regi». Fylkesrådmannen svarte på spørsmålet.

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** spurde om det er mogleg å få ringkøyring av Bønesbussen (Bønesringen) tilbake. Direktøren i Skyss svarte på spørsmålet.

**Pål Kårbø (KrF)** orienterte frå møte med Hordalandsbenken på Stortinget. Dei har stilt seg positive til faste møte med folkevalde frå Hordaland.

**Tom Sverre Tomren (MDG)** stilte slikt spørsmål:

«I media kan vi lese om uheldige virkninger av eventuell nedlegging av klasser for fremmedspråklige ved Bergen katedralskole. Jeg ber om en kort redegjørelse for situasjonen om handlingsrommet i denne saken.»

Fylkesrådmannen vil komme tilbake med svar.

**Tom Sverre Tomren (MDG)** stilte slikt spørsmål:

«Vi ber om en redegjørelse av Bane NOR, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune sine planer og beredskap for å håndtere parkeringsutfordringene i Arna frem mot åpningen av to spor Arna-Bergen.»

Fylkesrådmannen vil komme tilbake med svar.

### **ORIENTERING**

Fylkesrådmannen orienterte om status i tilknyting til Sykkelf-VM.

Under orienteringa vart møtet lukka etter kommunelova § 31 nr. 5, jf. offentleglova § 13 og forvaltningslova § 13 første ledd nr. 2.